



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
07.12.2017
Dykkar dato
09.11.2017

Vår referanse
2017/13709 421.3
Dykkar referanse
17/3158

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale til dispensasjon til oppføring av bustad på gnr. 140 bnr. 50, Erstad, Lindås.

Vi viser til brev frå kommunen datert 09.11.2017, med frist for uttale 07.12.2017.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av bustad på tomt som vart frådelt for 10 år sidan. I gjeldande kommuneplan, *Kommuneplan for Lindås 2011 – 2023* er arealkategorien den same som før: *LNF med spreidd bustadbygging*, men utan høve til å bygga nye bustader. Planen opnar berre for mindre tiltak på eksisterande bustadeigedommar. Kommuneplanen er klar på at vidare utbygging i området vil vere uheldig av omsyn til landbruket og at det heller ikkje er ønskjeleg å legge til rette for meir spreidd bustadbygging så nær Knarvik/Alversund.

Fylkesmannen si vurdering

Tomta det er snakk om ligg på skinn fastmark og ligg ikkje ved sidan av nokon landbrukseigedomar. Det er difor lite pårekeleg at det bygging her vil føre til ulemper for landbrukseigedomar som ligg i nærleiken. Fylkesmannen vil likevel peike på at kommuneplanen er klar på at det ikkje er ynskjeleg med fleire bustader i området. Det ligg også fleire ubygde eigedomar i nærleiken slik at ein dispensasjon i denne saka kan skape uheldig presedens for vidare utvikling i området.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til oppføring av bustad på gnr. 140 bnr. 50.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.